

RÅSDIREKTIV 1999/38/EF

2001/EØS/51/13

av 29. april 1999

om andre endring av direktiv 90/394/EØF om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for kreftframkallende stoffer i arbeidet, og om utviding av direktivet til å omfatte mutagen(*)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 118 A,

med tilvising til rådsdirektiv 90/394/EØF av 28. juni 1990 om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for kreftframkallende stoffer i arbeidet (sjette særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)⁽¹⁾,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽²⁾, som vart lagt fram etter samråd med Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽⁴⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 118 A i traktaten er det fastsett at Rådet skal gje direktiv om minstekrav med sikte på å betre særleg arbeidsmiljøet for å sikre eit høgare nivå for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarar.
- 2) I medhald av den førnemnde artikkelen skal det unngåast at slike direktiv pålegg administrative, økonomiske og rettslege byrder som er av ei slik art at dei motverkar skipinga og utviklinga av små og mellomstore føretak.
- 3) Kjønnsцелеmutagen er stoff som kan vere årsak til ei varig endring av mengda av eller strukturen til genmaterialet i ei celle, og føre til ei endring i dei fenotypiske kjenneteikna ved denne cella som kan verte overført til komande generasjonar av dotterceller.

- 4) På grunn av verknadsmekanismen deira kan kjønnsцелеmutagen truleg ha kreftframkallande verknader.
- 5) Vinylkloridmonomer er klassifisert som eit kreftframkallande stoff i kategori 1 i medhald av rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer⁽⁵⁾.
- 6) Av omsyn til konsekvens og klarleik bør dei viktigaste føresegnene i rådsdirektiv 78/610/EØF av 29. juni 1978 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om helsevern for arbeidstakere utsatt for påvirkning fra vinylkloridmonomer⁽⁶⁾ takast inn i dette direktivet, utan at vernnivået for helsa og tryggleiken til arbeidstakarane vert redusert.
- 7) Direktiv 78/610/EØF kan opphevast når dette direktivet er vorte gjennomført.
- 8) Dei kreftframkallande eigenskapane til støv frå eik og bøk er vortne stadfesta i epidemiologiske granskingar av eksponerte arbeidstakarar. Det er høgst sannsynleg at øg støv frå andre harde tresortar kan føre til kreft hjå menneske. Dei arbeidstakarane som det gjeld, er difor utsette for ein alvorleg mogleg risiko for å utvikle kreft.
- 9) Føre var-prinsippet bør nyttast når det gjeld vern av helsa til arbeidstakarane. Difor bør direktiv 90/394/EØF utvidast til å omfatte alle typar støv frå harde tresortar.
- 10) Det bør gjerast fleire granskingar av dei kreftframkallande eigenskapane til anna trestøv. Dersom det vert slått fast at det finst ein risiko, bør Kommisjonen gjere framlegg til vern av helsa til arbeidstakarane.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 138 av 1.6.1999, s. 66, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 95/2000 av 27. oktober 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 2 av 11.1.2001, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 196 av 26.7.1990, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 97/42/EF (TEF L 179 av 8.7.1997, s. 4).

⁽²⁾ TEF C 123 av 22.4.1998, s. 21.

⁽³⁾ TEF C 284 av 14.9.1998, s. 111.

⁽⁴⁾ Europaparlamentsfråsegn av 22. oktober 1998 (TEF C 341 av 9.11.1998, s. 134), felles haldning frå Rådet av 22. desember 1998 (TEF C 55 av 25.2.1999, s. 39) og europaparlamentsavgjerd av 13. april 1999 (enno ikkje offentleggjort i TEF).

⁽⁵⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 97/69/EF (TEF L 343 av 13.12.1997, s. 19).

⁽⁶⁾ TEF L 197 av 22.7.1978, s. 12.

- 11) Etter artikkel 16 i direktiv 90/394/EØF skal det på grunnlag av tilgjengelege opplysningar, medrekna vitenskaplege og tekniske data, fastsetjast grenseverdiar for eksponering for alle dei kreftframkallande stoffa der dette er mogleg.
- 12) Det er føremålstenleg å fastsetje slike grenseverdiar for støv frå harde tresortar. Dei gjeldande grenseverdiane for vinylkloridmonomer bør reduserast, slik at dei svarar til dei beste minstestandardane for teknologisk praksis og tek omsyn til faktorane for ei mogleg gjennomføring, samstundes som det vert teke omsyn til målet om å verne helsa til arbeidstakarane på arbeidsplassen.
- 13) Arbeidstakarane må vere effektivt verna mot risiko for å utvikle kreft som følgje av eksponering for støv frå harde tresortar under arbeidet. Føremålet med dette direktivet er ikkje å avgrense bruken av trevyrke, verken ved å byte det ut med andre materiale eller ved å byte ut bruken av visse treslag med andre treslag.
- 14) Samsvar med minstekrava til vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarane mot særleg risiko i samband med kreftframkallande stoff har som siktemål ikkje berre å sikre vern av helsa og tryggleiken til kvar einskild arbeidstakar, men òg å syte for eit minstevernivå for alle arbeidstakarar i Fellesskapet.
- 15) Det må fastsetjast eit einsarta vernenivå for heile Fellesskapet mot risiko i samband med kreftframkallande stoff, og dette vernenivået bør fastsetjast ikkje ved hjelp av detaljerte krav, men ved hjelp av ei ramme av allmenne prinsipp som gjer det mogleg for medlemsstatane å nytte minstekrava på ein einsarta måte.
- 16) Endringane i dette direktivet er eit konkret ledd i verkeleggjeringa av den sosiale dimensjonen i den indre marknaden.
- 17) I medhald av avgjerd 74/325/EØF⁽¹⁾ skal Kommissjonen rådspørje Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen med sikte på utarbeiding av framlegg på dette området —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I direktiv 90/394/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 1 skal nr. 4 lyde:

«4. For asbest, som er omfattet av direktiv 83/477/EØF^(*), får bestemmelsene i dette direktiv anvendelse når de gir bedre vern av sikkerhet og helse i arbeidet.

(*) EFT L 263 av 24.9.1983, s. 25. Direktivet sist endret ved direktiv 98/24/EF (EFT L 131 av 5.5.1998, s. 11).»

2. I artikkel 2 vert ny bokstav aa) sett inn etter bokstav a):

«aa) «mutagen»

i) et stoff som oppfyller kriteriene for klassifisering som mutagen i kategori 1 eller 2 som fastsatt i vedlegg VI til direktiv 67/548/EØF,

ii) et preparat som er sammensatt av ett eller flere av stoffene nevnt i i), når konsentrasjonen av ett eller flere av stoffene oppfyller de krav til konsentrasjonsgrenser for klassifisering av et preparat som mutagen i kategori 1 eller 2 som er fastsatt

— i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF, eller

— i vedlegg I til direktiv 88/379/EØF, dersom stoffet eller stoffene ikke er oppført i vedlegg I til direktiv 67/548/EØF eller er oppført der uten konsentrasjonsgrenser.»

3. I artikkel 1 nr. 1, artikkel 3 nr. 1, nr. 2 første og andre leddet og nr. 4, artikkel 5 nr. 5 bokstav c), d), e) og j), artikkel 6 bokstav a) og b), artikkel 10 nr. 1 den innleiande delen og bokstav a), artikkel 11 nr. 2, artikkel 14 nr. 3, artikkel 16 nr. 1 og artikkel 17 nr. 2 vert «kreftframkallende stoffer» bytt ut med «kreftframkallende stoffer eller mutagener».

⁽¹⁾ TEF L 185 av 9.7.1974, s. 15. Avgjerda sist endra ved tilmeldingsakta av 1994.

4. I artikkel 2 bokstav b), artikkel 4 nr. 1, artikkel 5 nr. 2 og nr. 5 den innleiande delen og bokstav a) vert «kreftframkallende stoff» bytt ut med «kreftframkallende stoff eller mutagen».

5. I vedlegg I skal nytt nr. 5 lyde:

«5. Arbeid som medfører eksponering for støv fra harde tresorter⁽¹⁾.

⁽¹⁾ Det finnes en liste over visse typer harde tresorter i bind 62 i monografiene om vurdering av risiko for framkalling av kreft hos mennesker, kalt «Wood Dust and Formaldehyde», utgitt av IARC (Det internasjonale kreftforskningssenteret), Lyon 1995».

6. I vedlegg III skal del A lyde:

«A. GRENSEVERDIER FOR EKSPONERING I ARBEIDET

Stoffnavn	EINECS ⁽¹⁾	CAS ⁽²⁾	Grenseverdier		Merknad	Overgangstiltak
			mg/m ³ ⁽³⁾	ppm ⁽⁴⁾		
Benzen	200-753-7	71-43-2	3,25 ⁽⁵⁾	1 ⁽⁵⁾	Hud ⁽⁶⁾	Grenseverdi: 3 ppm (= 9,75 mg/m ³) inntil tre år etter datoen i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/42/EF ^(*)
Vinylklorid-monomer	200-831	75-01-4	7,77 ⁽⁵⁾	3 ⁽⁵⁾	—	—
Støv fra harde tresorter	—	—	5,00 ⁽⁵⁾ ⁽⁷⁾	—	—	—

⁽¹⁾ EINECS: Europeisk liste over eksisterende markedsførte kjemiske stoffer.

⁽²⁾ CAS: Chemical Abstract Service Number.

⁽³⁾ mg/m³ = milligram per kubikkmeter luft ved 20 °C og 101,3 kPa (760 mm kvikksølvtrykk).

⁽⁴⁾ ppm = milliondeler etter volum i luft (ml/m³).

⁽⁵⁾ Målt eller beregnet ut fra en referanseperiode på åtte timer.

⁽⁶⁾ Mulighet for en vesentlig økning av kroppens samlede belastning når huden eksponeres.

⁽⁷⁾ Del som kan innåndes: dersom støv fra harde tresorter blandes med annet trestøv, skal grenseverdien gjelde for alt trestøv som finnes i blandingen.

^(*) EFT L 179 av 8.7.1997, s. 4.»

Artikkel 2

Direktiv 78/610/EØF vert oppheva med verknad frå 29. april 2003.

Artikkel 3

På grunnlag av dei nyaste tilgjengelege vitskaplege dataa kan Kommissjonen innan ein frist på to år frå den datoen då dette direktivet vert vedteke og i samsvar med artikkel 118 A i traktaten, leggje fram for Rådet eit framlegg om å vedta reviderte grenseverdier for vinylkloridmonomer og støv frå harde tresortar.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal innan 29. april 2003 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedteke av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 5

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i
Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

Artikkel 6

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Luxembourg, 29. april 1999.

For Rådet

W. MÜLLER

Formann
